Vinje kommune

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VINJE KOMMUNE

2020 / 2021



Vedtekne i sak 2019/158 i kommunestyret 16.05.2019

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VINJE KOMMUNE

1. **Formål**
   SFO skal vera eit omsorgs- og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen for barn på 1.-4. årssteg. Ved særskilte høve kan ein søkje om utviding til og med 7.kl. Verksemda skal vera prega av leik og sosial læring. § 13-7 i opplæringslova.

2. **Eigartilhøve og styring**
   Vinje kommune er eigar og drivar av SFO.
   Skulesjef / oppvekstsjef på kvar skule er pedagogisk og administrativ leiar.
   Samarbeidsutvala i skule / barnehage er styre for SFO.

3. **Opningstid / feriar**
   SFO er open inntil 5 d / v i tida 07.30 – 16.30. Skulane skal forsøke å legge til rette for utvida opningstid etter søknad med dokumentasjon.
   SFO er stengt jole- og nyttårseftan og onsdagen før skjærtorsdag frå kl. 12.00. SFO skal vera stengt dei tre siste heile vekene i juli og 37,5 timar pr. år som er sett av til planlegging og samarbeid for dei tilsette. Barna skal ha 4 veker ferie pr. år, og 3 av desse vekene skal ein ta samanhengande. Ved færre enn tre påmelde barn kan skulen vurdere å stenge SFO denne dagen. Føresette blir kontakta for endeleg avgjersle.

4. **Bemanning og skulemiljø**
   Norma for bemanning er 1 vaksen pr 10-13 barn. Skulane har ansvar for at elevane også i SFO har godt skulemiljø inne og ute etter § 9A i opplæringslova.

5. **Betaling**
   SFO blir driven med inntekter frå staten, kommunen og foreldra.
   Betalinga blir kravd inn etterskotsvis for 10 månader i
   året. Ein skal betale for heile dagar i feriane.
   Dei som kjøper dagar i ferien, betalar etter rekning månaden etter. Påmeldinga er bindande og dannar grunnlag for fakturering.
   Dei som kjøper enkelt- timar / dagar, betalar etter rekning kvar månad. Haust- og vinterferie er med i det vanlege tilbodet utan ekstra betaling. (Hugs påmelding!)

7. **Opptak**
   Søknadsfrist **1. mars**.
   Føresette sender søknad til Vinje kommune.
   Skulesjef / oppvekstsjef er ansvarleg for opptak.

   7.1. Opptakskriteria (prioritert rekkjefylgje):
   - 7.1.1. Barn med funksjonshemming m.m. Krav om dokumentasjon ved søknaden.
   - 7.1.2. Barn av einslege foreldre i arbeid eller utdanning.
   - 7.1.3. Barn som har båe foreldra i arbeid eller utdanning.
   - 7.1.4. Dersom ikkje alle søkjarane kan få plass, får yngre barn plass framfor eldre.

   7.2. Opptaksperiodar:
   Hovudopptak skjer kvar vår. Vedtak om plass gjeld ut 4. klasse eller til du søkjer endring eller seier opp. Ved ledig kapasitet, kan SFO ta imot barn utanom dei som er fast påmelde. Foreldra avtalar dette seinast dagen før.
   Oppseiing av plass – skriftleg med 1 månads oppseiingstid.

8. **Plassering**
   SFO er til vanleg på skulane, i skulebygget.
   Vedteke i kommunestyre 19.12.96 (K-sak 156/96).

Satsar frå 01.01.2021

Pris pr time : kr 33,-
Kjøpedagar : kr 54,- pr. time
I feriane : kr 212,- pr. dag
Matpengar til sjølvkost.
Satsane kan bli justerte i samband med budsjetthandsamingane og ved prisindeksjustering.
50 % syskenmoderasjon heile året. I spørsmål om syskenmoderasjon skal ein sjå barnehage og SFO under eitt.
Friplass – inntekt under 200 000,-.
Betaling i barnehage og SFO skal ikkje overstige makspris den 11. månaden.